



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 29.09.2014

Vår ref: 14/5086 - 2 JZM (14/25284)

Dykkar ref:

NOU 2014:2 - Om betaling for kremasjon, gravlegging og grav - høyringsfråsegn Bjørgvin bispedømeråd

Bjørgvin bispedømeråd har handsama høyringa i møte 5. september og har følgjande merknader til NOU 2014:2

Kommentarar til utvalet sine framlegg:

Bjørgvin bispedømeråd meiner at namnet på høyringsnotatet, «Lik og likskap» er eit ordspel som ikkje høver seg på ei slik utgreiing.

1. Kistegravlegging og kremasjon likestilles økonomisk og juridisk som gravferdsform

Kommentar: Bispedømerådet stiller seg bak dette framlegget.

2. Kommunene skal være pliktige til å ta i mot utenbygds gravlegging. Brukerbetaling for gravlegging i en annen kommune enn avdødes bostedskommune oppheves

Kommentar: Det må sikrast ei ordning som gjer at kommunar som får mange utanbygds gravferder (kan bl.a. gjelda kommunar med mange hytter/fritidsbustadar) får god nok kompensasjon til å sikra nok kapasitet på gravplassen. Vi kjenner til at det er kommunar der ein har høg takst for utanbygds gravlegging for ikkje å «oppmuntra til» mange utanbygds gravferder evt. for å få god nok kompensasjon for dei ein har.

3. Endring av avgiften for feste av grav slik at innbyggerne behandles likt

Kommentar: Vi har hatt ein del klagesaker dei seinare åra frå festarar som meiner kravet om festeavgift er i strid med prinsippet om fri grav. Årsaka til at dei klagar kan i ein del tilfelle vera manglande informasjon, men nokre av klagarane viser til at det i deira tilfelle opplevest å vera ei meir effektiv forvaltning av gravplassen om dei tek i bruk ei festa grav enn om gravplassforvaltninga skulle tilvisa ei ny grav. Ei endringa av reglane vil truleg medføra høgare festeavgift for alle. Dette kan vera ei tung bør for menneske med dårleg økonomi.

4. Tiltak for å få bedre statistikk og mer forskning på gravferdsområdet

Kommentar: Dette er positivt.

5. Endringer i forvaltningsoppgaver

Utvalget foreslår at oppgavene som bispedømmerådene har etter gravferdsloven og gravferdsforskriften, overføres til Fylkesmennene.

Kommentar:

Bispedømmerådet si forvaltning knytt til gravferdslova og forskrift til gravferdslova gjeld

- Godkjenna nye gravplassar og endringar av eksisterande.
- Godkjenna dei lokale vedtektene for gravplassane.
- Godkjenna andre minnesmerke enn gravminne på gravplassane.
- Klageinstans ved klager på vedtak i det lokale fellesrådet.
- Uttalar seg om kommunale planar knytt til gravplassar eller naboskapet til gravplassane.

Det er berre eit mindretal av desse sakene som ikkje er knytt til kyrkja eller kyrkja sine omgjevnader. Dette gjeld stort sett saker der bispedømmerådet er klageinstans på vedtak i det lokale kyrkjelege fellesrådet.

I alle dei andre sakene, gjer nærleiken mellom gravplass og kyrkje eller det faktum at det er kyrkjeleg fellesråd som er gravplassmynde lokalt at det bør vera ein kyrkjeleg instans som forvaltar slike saker også på regionalt nivå:

- Det store fleirtalet av gravplassane i landet vårt ligg ved ei kyrkje.
- Dei sakene som har med bygg på gravplassen å gjera eller kommunale planar knytt til gravplassen eller omgjevnadane, skil seg frå sakene knytt direkte til regelverket. Dersom gravplassen ligg ved kyrkja, uttalar bispedømmerådet seg spesifikt som kyrkjeleg instans.

Utvalet meiner at det bør vurderast å leggja alle saker til eit fylkesmannskontor for å samla kompetansen og sikra lik handsaming. Dette er ein god tanke, men også i dag har vi samla kompetanse som medverkar til lik handsaming. Etter vår erfaring fungerer rådgjevar for gravplassaker ypperleg som ein sentral, uavhengig instans for alle bispedømmeråd. Denne stillinga bør styrkast med i alle fall ein jurist. Etter vår meining kan denne funksjonen framleis liggja organisatorisk under Den norske kyrkja, sidan kyrkja alt har gravferdsforvaltninga lokalt, men som all gravferdsforvaltning skal den vera lik for alle, uavhengig av kva tru /livssyn ein tilhøyrer.

Dersom forvaltninga likevel blir overført til fylkesmannen, må ikkje det medføra at bispedømmerådet misser si rolle som regional høyringsinstans i plansaker knytt til kyrkja sine omgjevnader.

Utvalet meiner ei evt. flytting av oppgåver frå bispedømmeråda til fylkesmennene vil innebera ei overføring av pengar frå Kulturdepartementet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet på om lag 2 millionar kroner. Det er vår meining at bispedømekontora ikkje må dekkja inn dette gjennom ei lågare løyving. Bispedømmerådet må framleis ha kompetanse på gravplassar som regional offentleg høyringsinstans. Det hender vidare at bispedømmerådet får tildelt nye relativt avgrensa oppgåver utan å få ekstra løyvingar av den grunn. Då må ei slik justering ikkje medføra at bispedømekontoret får reduserte løyvingar.

6. Økonomiske og administrative konsekvenser

Som følge av utvalgets forslag om å oppheve hjemler for brukerbetaling anslår utvalget et samlet inntektsbortfall for gravferdsforvaltningen på 104,3 mill. kroner. Dette foreslås kompensert gjennom økte rammeoverføringer til kommunene, etter den generelle kostnadsnøkkel. Utvalget legger til grunn at kommunene da vil øke overføringene til de kirkelige fellesrådenes gravplassforvaltning i tråd med de lokale behovene.

Kommentar: Det er viktig at løyvingane dekkjer dei lokale behova som kan variera mykje. Dei auka rammeoverføringane må i alle fall dei første åra vera øyremerkte til gravferdsforvaltning.

7. Forslag som utvalget vurderer til å være på siden av mandatet

Utvalget foreslår at de nærmere vilkårene for askespredning skal framgå mer direkte av gravferdsloven, og at behandlingen av søknader om askespredning legges til den lokale gravplassforvaltningen, med Fylkesmannen som klageinstans.

Utvalget foreslår også at det åpnes for askespredning på gravplass, og at det gis adgang til gravlegging i kolumbarium på gravplass.

Kommentar: Vedtak om askespreiing på gravplass kan vera krevjande saker lokalt.

Med helsing

Jan Ove Fjelltveit e.f.
stiftsdirektør

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Kulturdepartementet

Postboks 8030
Dep

OSLO